

Bokn Bygdablad

Nr. 8 oktoberber 2014 – Årg. 29



Babytreff – s. 16



Kjemperesultat – s. 4



Robotmjølking – s. 7



Gullhøna – s. 12



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**





RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding!

Vikingland til Bokn?

Arkitektfirmaet Snøhetta blei på forsommaren 2014 invitert av Rogfastutvalet til å laga ein konseptstudie for bruk av to millionar kubikkmeter steinmassar frå Rogfasttunnelane til samfunnsnyttig formål på Bokn. Konseptstudien vil leggja grunnlaget for

massane i samanheng med utvikling av området. Det var eit ynskje frå Rogfastutvalet om at Snøhetta skulle sjå på situasjonen med "nye auge", og gi innspel som kan løfte diskusjonane ut av "den vante" måten å sjå lokalmiljøet på og finne område for vidare arbeid.

Arbeidet har gått over ein periode på

med utgangspunkt i at Asgard Vikingpark blir etablert i området. Bokn som mogleg vertsskap for ein slik temapark blei foreslått for styringsgruppa i Asgard Vikingpark alt på seinsommaren 2014. Møte og synfaring blei gjennomført med styringsgruppa i Asgard Vikingpark.

Dei kom fram til at Bokn var veleigna



Slik ser Snøhetta for seg at eit Vikingland kan ta seg ut i Sandvika sør for Knarholmen.

Fotomontasje: Snøhetta.

kommunen sitt vidare arbeid med bruk av massar som grunnlag for ny stadsutviklingsplan i Bokn. Tanken bak er at studien kan danna ein felles plattform for kommunale og private initiativ i samband med Rogfastprosjektet.

Bokn kommune ynskjer å tenke lang-siktig og heilskapeleg kring bruken av

omlag seks veker, med synfaring ved oppstart og ei studiesamling i Snøhetta sine lokale saman med representantar for Rogfastutvalet. Den 26. september blei studien presentert for kommunestyret i Bokn.

Eit av konsepta, som blei spelt inn av Rogfastutvalet, var eit forslag om å bygga eit heilt nytt opplevingslandskap i området ved Sandvika

som vertskommune for anlegget slik det blir sentralt plassert mellom Stavanger, Haugesund og Bergen. Når Rogfast kjem, ligg Sandvika gunstig til både i forhold til flyplassane på Karmøy og Sola og cruisehamnene i Stavanger og Haugesund. Sandviksområdet er stort nok og er bortimot konfliktfritt i høve til busetjing. Med tilgjengelege Rogfastmassar vil ein

kunne byggja temaparken i eit område som ligg til sjøen og med Boknafjorden og Ryfylkeheiene som ein perfekt bakgrunnsscene.

Etablering av Asgard Vikingpark vil innebere mange nye arbeidsplassar til Bokn og gje eit stort løft for reiselivsnæringa både i kommunen og regionen. Så langt eg veit, blir avgjarda om plassering tatt rundt nyttår.

Kommunestruktur

I samband med stortingshandaminga av kommunereforma i vår, vedtok eit fleirtal at alle kommunar skulle «gjennomføre lokale prosesser» og greia ut om kommunesamslåing. Når det gjeld utgreiingssansvaret er det mange som oppfattar dette som ei utgreiingsplikt. Eg meinar at eit stortingsfleirtal ikkje kan krevja av alle kommunar å lage utgreiing på denne måten. Nokre kommunar har alt gått langt i retning av å seie at dei ikkje ynskjer å prioritera dette, anten fordi ein ikkje oppfattar det som aktuelt å slå seg saman, eller fordi ein er usamde i måla for, eller konsekvensane av reforma. Spørsmålet er kva status innstillinga til Stortinget har når ein kommune ikkje ynskjer å gjennomføra «lokale prosesser»? Kommunestyret er suverent og Stortinget kan berre pålegga kommunane oppgåver gjennom lov. Det stortinget har uttalt om lokale prosesser bind difor ikkje kommunane. Viss ein likevel vil gjennomføra ei



Faksimile frå Haugesunds Avis, 8. april i år.

utgreiing kan kommunane sjølv bestemme dette. Mellom anna Vågan kommune i Lofoten har oppfatta dette og står modig fast på vedtaka sine.

Kommunane på Haugalandet blei i haust inviterte til å bli med i ein prosess for å vurdera og avklara om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunar. Bokn og Tysvær gjennomførte – i samarbeid med Telemarkforsking – alt i 2005 og 2006 ei omfattande utgreiing med omsyn til å slå saman dei to kommunane. Dette arbeidet munna hausten 2006 ut i ei rådgjevande folkeavrøysting som resulterte i at 78 % av boknarene røysta mot kommunesamslåing.

Regionrådet for Haugalandet (Haugaland Vekst) handsama i oktober spørsmålet om kva rolle rådet skal ha i prosessen. Medlemskommunane, med unntak av Bokn og Tysvær, bestemte seg i møtet for å gå i gang med eit forprosjekt kor det til våren skal leggast fram eit forslag til vidare prosess. Kommunestyra i Bokn og Tysvær gjorde på siste møte vedtak om å utsetja arbeidet med reforma til proposisjonen om kommunane sitt nye oppgåvibilet blir lagt fram – ein avgjerande premiss for kunnskap om den største reforma innan offentleg sektor dei siste 50 åra.

Ordføraren

Kjære leser!

I dette bladet kan du m.a. lesa om TV-aksjonen. Bokn har i mange år nå havna blant dei beste givarkommunane i landet, og får alltid litt ekstra PR i oktober. 2014 var ikkje noko unntak. Reportasjen byrjar på neste side.

Nok ein reportasje finn du på side 7. Bonde Louis Medhaug i Våga har investert i mjølkerobot, og her kan du m.a.

lesa om kvifor det er så effektivt med mjølkerobot, kvifor han har så mange fordelar, og kva roboten betyr for bonden og kyrne.

I Birger Lindanger sin serie "Med båt til Bokn" er det denne gongen sjølvaste M/F Bokn, den såkalla *Gullhønå* det handlar om. Båten har fleire gonger vore omtala i løpet av Bokn Bygdablad si historie, men i dette bladet får du heile soga om M/F Bokn - frå ho blei døypt 10. juli 1976 til

ho blei hogd opp i Aliaga i Tyrkia i 2006.

- redaktøren -



Siste tur i Bokn 22.02.1991

Foto: Ragnhild Laupland

Kjemperesultat!

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Kyrre Lindanger

Også i år blei det sett rekordar i Bokn i samband med TV-aksjonen.

TV-aksjonen nasjonalt sette ny innsamlingsrekord denne gong, med (i skrivande stund) over 240 mill. kr. Over heile landet har det vore meir i bøssene enn tidlegare år, også i Bokn. Under TV-aksjonen i fjor passerte kommunen 100.000 kroners-grensa i bøssebeløp for første gong. I år kom det inn over 15.000 kr. meir, og den nye fantastiske rekorden er på kr. 117.155,-

1016 menneske!

Under aksjonen har det blitt fokusert på at med å gi 200 kroner gir ein vatn til eitt menneske for resten av livet. Bokn, med sine 865 innbyggjarar, har med det flotte innsamlingsresultatet gitt heile 1016 menneske varig tilgang til rent vatn resten av livet. Slett ikkje verst, og godt å tenka på!



SOSIALT: Som vanleg var det god stemning i Servicetorget utover ettermiddagen, då bøsseberarane kunne slappa av etter å ha gått ruta si.

Oversikt:

Bøsser	kr.	117.155,-
Kommunalt bidrag	kr.	21.625,-
Givarstafetten	kr.	58.900,-
Totalsum	kr.	197.680,-

Temaet trefte godt

Det sterke innsamlingsresultatet fører kommunen nok ein gong blant dei

beste i landet. I 2013 hadde me eit rekordresultat i Bokn og passerte den magiske 200.000-grensa.

- Også i år passerte me 200.000 kroners-grensa, og totalresultatet er berre 2.408 kr. bak fjorårsresultatet, og det er eit svært godt resultat i Bokn. Eg trur årets tema, som handla om



Foto: Bianca Alvestad

Det er koseleg å få inn bilder frå dei ulike rutene utover ettermiddagen; Bianca Alvestad hadde med seg fv. Henrik O. Våge og Albert Lindanger i Havnavegen-sør, medan Sonja Mikkelsen var saman med "gjengangarane" fv. Vilde Øvrebø, Hermine Lindanger og Maja Mikkelsen i Arsvågen.



Foto: Sonja Mikkelsen

Dese registrerte beløp på Givarstafetten 2014:

Bokn mållag	kr.	500,-
Bokn Arbeidarparti	kr.	500,-
Bokn Høyre	kr.	600,-
Entreprenør Odd Grønnestad	kr.	2.000,-
Nedrebø Maskin & Transport AS	kr.	1.000,-
Bokn Gatebilklubb	kr.	600,-
Grieg Seafood Rogaland AS avd. Bokn	kr.	5.000,-
Frisørrrommet på Boknatun	kr.	500,-
Nibe AS	kr.	1.000,-
Hårsmål	kr.	500,-
HighComp AS	kr.	5.000,-
Bokn Røde Kors	kr.	3.000,-
Krovågen hestesenter	kr.	500,-
Coop Bokn	kr.	1.000,-
Bokn Hagelag	kr.	2.500,-
Bokn Pensionistforening	kr.	2.000,-
Bokn Eiendom AS	kr.	1.000,-
Utdanningsforbundet i Bokn	kr.	1.500,-
Bokn Senterparti	kr.	1.000,-
Skulebasaren	kr.	28.300,-
Nettauksjonen	kr.	900,-
Sum	kr.	58.900,-



AUKSJONSVINNARAR: *Torbjørn B. Christiansen, som også i år gjekk med bøsse saman med broren Ove, vann signert FKH-drakt medan Albert Lindanger sikra seg den sigerte Viking-fotballen.*

reint vatn som føresetnad for alt liv, trefte godt i tillegg til at pengane skal gå til heilt konkrete prosjekt. Dette var nok mykje av grunnen til at me også sette ny bøsserekord i Bokn. Boknarane bidrog med dette til ei flott og verdig markering av TV-aksjonens 40-års jubileum, seier ordførar Kyrre Lindanger.



Statistikk for skulebasaren:	Kroner
2003 REDD BARNA	15.490
2004 HJERTEROM	10.068
2005 DRØMMEFANGER	10.497
2006 LEGER UTEN GRENSER	15.668
2007 SAMMEN FOR BARN	16.673
2008 BLÅ KORS	21.950
2009 CARE	28.158
2010 PÅ FLUKT FRA KRIG	27.147
2011 VI RYDDER FOR LIVET	25.000
2012 STÅ OPP MOT URETT	28.220
2013 INGEN TID Å MISTE	26.651
2014 VANN FORANDRER ALT	28.300



Bøsseberarane

Det er aldri problem å få nok bøsseberarar til TV-aksjonen. Då enkelte av laga som pleier å skaffa oss flest bøsseberarar av ulike grunnar ikkje kunne gjera dette i år, var det mange andre frivillige sambygdingar som slo til, og som i fjor hadde me til slutt ikkje oppgåver til alle som melde seg. Kommuneko-mitéen set stor pris på engasjementet, både til dei som har vore med i mange år og til dei nye som er med og går ”årets viktigaste sundagstur”!

Desse bidro i bøsseberar-jobben:

Bokn sokneråd

Bokn sanitetsforening

NMS Bokn

Bokn båtforening

Bokn Røde Kors

Bokn idrettslag

Andre frivillige

Sosialt

Som vanleg var det god stemning i

Servicetorget utover ettermiddagen, då bøsseberarane kunne slappa av etter å ha gått ruta si, med kaffi, brus, kake m.m. Spenninga omkring kven som vann auksjonane og om heile innsamlingsresultatet i Bokn fekk dei også på kjøpet. Facebook-sida til kommunen blei fortløpende oppdatert, med over 20 innlegg og mange hundre følgjarar - der siste innlegg blei lese av heile 1.655 personar.

Ordføraren kan fortella at alt gjekk prikkfritt. Han hadde god hjelp av bå-



OPPTELLING: *Fh. Edvin Øvrebø og Svanhild Alvestad er blant dei vaksne ”gjengangarane”. Her saman med Solrunn Alvestad med Jan Erik Nygaard bak.*

de rådmann og økonomisjef. Sistnemnde var telleansvarleg og hadde kontroll på telleapparatet, som kommunen ”arva” etter at Sparebank 1 SR

-Bank avslutta filialen sin i Bokn tidlegare i år.

Skulebasaren

Bokn skule samla inn heile 28.300 kr. til årets TV-aksjon. Den fantastiske rekorden slår den tidlegare rekorden frå 2012 med 80 kr. Nesten 33 kr. pr. innbyggjar i Bokn kom det altså inn i løpet av nokre hektiske og effektive føremiddagstimar!

- Det var mykje folk og gevinstane var veldig fine i år. Det gjorde nok til at det blei selt meir lodd enn vanleg, seier rektor Jarle Nilsen nøgd til Bokn Bygdablad. Sirabuen konstaterer at

Bokn skule slo Utsira skole med god margin. På øya vest i havet samla dei inn 9.700 kr. på tilsvarende basar. Den tradisjonelle basaren gjekk føre seg i kjent stil. Eit stort kor frå småskulen framførte "Regnmakersangen" før rektor heldt ein appell. Tre ungdomsskuleelevar hadde eit dansesinnslag før lodd- og matsalet braka laus saman med den koselege føremiddagspraten, gjerne på tvers av generasjonane.

Bokn barnehage

Nokre dagar etter aksjosdagen blei kommunekomitéen orientert om at



Foto: Wenche L. Havikbotn

Fv. Jonas L. Faye, Eline Øvrebø og Valentin Petunov stilte opp med sjølvlagda dans frå eit prosjekt i ungdomsskulen.

Bokn barnehage hadde gitt pengane frå kunstkaféen sin til TV-aksjonen, kr. 5.650. Dette flotte bidraget gjorde at innsamla totalbeløp i Bokn passerte 200.000 kroners-grensa, som i fjer. Sluttresultatet blei då fantastiske 203.330 kr.

Kommunekomitéen takkar for alle bidrag, bøsseberarane og elles alle andre som har stilt opp i samband med årets TV-aksjon.

Til slutt ei helsing til Bokn frå fylkesaksjonsleiar **Tone Therese Paulsen**:

*Dere er rett og slett helt utrolige:-)
Jeg bøyer meg i støvet og legger meg langflat! Hurra for Bokn - for et engasjement og for en giverglede:-)*

**TUSEN TAKK
FOR AT DU
BIDRO TIL ÅRETS
TV-AKSJON!**




Foto: Wenche L. Havikbotn

Koret frå småskulen, under dirigent Oddrun Nilssen, framførte i år ein song med vatn i; Regnmakersangen.

Robotmjølking

Jardar Havikbotn

Krav om lausdrift i jordbruksdelen i jordbruksdelen i Norge er at ein i dag må ha fleire kyr enn før for å kunna leva av det, har ført til at det dei fem, seks siste åra har kome enkelte mjølkerobotar blant bønder på Haugalandet. Louis Medhaug i Våga er ein av dei.

Dei som trur at ein mjølkerobot er forma som ein "person" som går frå ku til ku og set koppar på spenane må tru om igjen. Dette er ein avansert stallboks med det som skal til for å gjera denne delen av fjøsstellet så effektivt som mulig, samstundes som kua kan stå avslappa og eta når ho blir mjølka. Ein bevegeleg arm er sjølve hjernen i roboten. Kua har ein liten chip i øyra og blir scanna når ho kjem inn i boksen. Alle kyrne er innskrivne i roboten, og alle data kjem opp på ein lett forståeleg touch-skjerm - ein kan i tillegg få informasjonen opp på pc, iphone etc. slik at bonden t.d kan sitta i godstolen og sjekka at alt er i orden, justera på kraftformengder og på roboten for øvrig.

- Ja, nå får eg ein tekstmelding der som det er noko gale med ei av kyrne eller med mjølkeroboten, seier Louis, svært fornøgd med investeringa fra i sommar. Bortsett frå tre vaskepausar går roboten heile døgnet, og kua vel sjølv kva tid og kor ofte ho vil mjølkast. Bonden kan opplysa at dette slår ut positivt i mjølkeyting, kvalitet og jurhelse.


Overgang

Då eg var der i 16-tida var det mykje rauting og kø for å koma seg til stallboksen. Slik har det ikkje alltid vore.

- Nei, den første månaden var det ein del arbeid for å læra dei oppleget. Nå går dette mykje betre, men dei



Her er mjølkeroboten til Louis Medhaug i ferd med å sette koppar på spenane.



Alle data kjem opp på ein lett forståeleg touch-skjerm.

yngste dyra får opplæring, fortel Louis.

Spenebehandling

Det er fasinerande å sjå at kua berre kjem slentrande inn i roboten, stiller seg opp, og så er mjølkinga i gong. Etter at alle data er registrerte, får Louis m.a. veta kor mange liter mjølk

som er forventa av kua. Spenevasken startar umiddelbart og ein og ein spene blir vaska. Før blei dette arbeidet gjort manuelt med fille.

Roboten har mange fordelar når det gjeld spenebehandling. Når ein kjerotel er tom, tar maskinen koppen av spenen. Før stod alle fire på til kua



Ei ku er nettopp ferdig med å klø seg i "spa-avdelinga" før ho stiller seg i mjølkekø. Louis testar klømaskinen til ære for fotografen.

var nesten tom før melkemaskinen kobla seg ut. Er ein spene därleg og ikkje kan brukast lenger, blir dette programmert inn og roboten set då koppar på tre av spenene i staden for alle fire.

Får beskjed

Det går ikkje mange minuttane før neste ku kjem. Hos enkelte blir koppane fjerna frå spenane og maskinen går rett i skyllemodus. Eg får veta at viss det er for kort tid sidan kua har vore i boksen, seier roboten i frå med å gjera dette.

Ingen tvil om at fjøsdigitaliseringa har

skjermen, der det står at det er 15 timer sidan ho sist blei mjølka. Då er det berre å henta henne.

Maskinen sorterer også ut og sender ev. mjølk med for høgt saltinhald til ein eigen tank på naborommet, mjølk som då går til kalvane.

Mjølkeprøvar

Infoen frå roboten blir sendt til Tine, husdyrkontrollen. Her blir m.a. mjølkemengde og mjølkekvalitet kontrollert ein gong i månaden. Då koblar Louis til ein prøvetakar og roboten sender inn mjølkeprøve frå kvar enkelt ku. På denne måten blir også ev.

med jura, og ein kan setta inn tiltak tidleg - noko som medfører redusert medisinbruk. Noreg har den lågaste bruken av antibiotika i kjøt og mjølk i Europa.

Louis understreker at han må vera nøye med reinhaldet i fjøset sjølv om det er ein robot til stades.

Fleksibel kvardag - helsegevinst


Blant dei største fordelane med ein mjølkerobot er ein meir fleksibel kvardag.

- Nå kan eg td. gå på eit arrangement ein kveld utan å koma heim og mjølka seint på kvelden. Ev. alarmar får eg på mobilen, og forefallande arbeid gjer eg om dagen. Dette kan vera å køyra inn siloballar, då har dei før nok i to dagar. På den måten blir det meir likt ein vanleg arbeidsdag, der ein kan gjera mykje på dagen, fortel Louis, og legg raskt til at roboten også har ein helsemessig gevinst.

- Roboten er gunstig for å unngå belastningsskadar, og bidrar til å letta arbeidet, konstaterer han.

Denne investeringa gjer også ting enklare og billagare for Louis. Han treng ikkje å leiga inn så mykje arbeidskraft som før.

- Nå er det ein meir fleksibel kvardag med meir overvaking enn at eg fysisk må stå og jobba eit gitt antal timar.



Fremste kua i køen ventar tolmodig på at ho inne i boksen skal gå ut på andre sida. Ho går roleg inn når det blir ledig.

kome til Våga-garden. Louis viser meg ei raud markering ved ei ku på

sjukdommar oppdaga tidleg. Dette kan td. vera begynnande problem

Lausdrift

Louis har gradvis tilpassa seg dei nye krava som kjem ang. lausdrift, som

går ut på at dyra skal kunna bevega seg fritt mellom såkalla forbrett og liggeavdeling, og kor antal liggebåsar er likt eller større enn antal dyr i fjøset. Frå 2024 skal alt storfe vera oppstalla i lausdrift.

Bonden i Våga investerte 3 mill. i ny bygning i 2009, då med eigne mjølkebåsar og med store delar bygd til lausdrift. Etter kvart har han skaffa seg tilstrekkeleg mjølkekvote og areal til å bygga om til robotdrift. Bygningen gjekk gjennom ei ombygging (800.000 kr.) i mai og juni dette året. Og i juli kom roboten til 1,2 mill. kr. på plass. Ei stor investering for 41-åringen, som også har fått støtte til dette frå næringsfondet.

Medan eg tar bilder av roboten i arbeid, byrjar plutselig ei vogn å røra på seg ein annan stad i rommet. Det blir fortalt at det er ei såkalla appetittforingsvogn. Ho er programmert til å gå heile døgnet, og gir dyra kraftfor. Digitaliseringa av fjøset byrja

sjonar med kraftforgjer godt for kumagen og dyret melkar betre. Kyrne har og gummimatter, som er varme å ligga på. Eg får også auge på "spa-avdelinga" med drikkestasjon og klømaskin, som har ein børste som går rundt når det kjem kyr, og det gjer det nesten konstant, fortel bonden.

Få, men effektive

41-åringen tok formelt over gardsdrifta som 24-åring. Det er ung til å vera bonde. Utanom mjølkeproduksjon driv han og med kjøtproduksjon, og leverer 40-50 oksar i året. Det er totalt 160 storfe på garden. Sauer er det også der; 150 i talet.

Saman med naboen Osmund Våga,



Ei automatisk appetittføringsvogn går i bane ein annan stad i bygningen og fortel om digitalisering av fjøsdrifta også før roboten kom.

al, for lite dyrka mark til så store besetningar som blir kravd i dag, seier Louis, som leiger meir areal rundt om i bygda enn han har sjølv. Han kjøper også fór andre plassar på Haugalandet.

- Krava om lausdrift med ombygging av gamle fjøs, ev. nybygg som medfører store investeringar i forhold til lønnsomheten i mjølkeproduksjonen, har medført at mange har slutta. I tillegg til at me er i ein region der lønnsnivået har stige kraftig dei siste åra.

- Sjølv om det er færre mjølkeprodusentar i Bokn nå, så kjem det truleg neste år til å bli den høgaste leveransen av mjølkå frå Bokn gjennom tida, om lag 1. mill. liter, fortel Louis.

Betre dyrevelferd

Ingen tvil om at kyrne i fjøset i Våga-vegen 262 har det svært godt. Med tilrettelegging for lausdrift og installering av mjølkerobot får dyra ei naturleg åtferd og mindre stress. Dette gir ei betre dyrevelferd.

Bonden trur at det blir fleire robotar på Haugalandet etter kvart som fleire bønder bygger om i forhold til krava.

- Eg har inntrykk av at dei som bygger nå stort sett bygger til robotdrift, avsluttar Louis Medhaug.



Louis i "siloball-korridoren". Det er snart behov for å køyra inn nye ballar. Då har kyrne fór i to dagar.

allerede før roboten kom inn i bygningen.

Lausdrift-området inneheld m.a. kraftforautomatar, der kraftformengde blir programmert inn. Mindre por-

driv dei samdrift i selskapet *Våga Samdrift DA*. Samdrifta er ein av sju mjølkeleverandørar i Bokn; fem på Austre Bokn og to på Vestre Bokn.

- Ei stor utfordring for jordbruket i Bokn er nå at me har for lite grasare-

Formannskapsmøte 16.09..2014, sak 065 /14

TV-aksjonen 2014. Vann til 1 million.

Formannskapet vedtok samrøystes: Formannskapet vedtar samrøystes å løyve kr 25,- pr. innbyggjar til TV-aksjonen. Kostnaden vert dekka av 1490 reservert løyving.

Forvalningsstyremøte 24.09.2014, sak 031/14/14

Orientering om reguleringsplan for Vågaheia

Forvalningsstyret sitt vedtak: Orientering blei tatt til orientering.

Forvalningsstyremøte 24.09.2014, sak 034/14

Gnr. 9 bnr. 82 - Bjørn Eirik Gundersen - felling av tre på kommunal naboeigedom - klage på rådmannen sitt vedtak

Forvalningsstyret sitt vedtak:

Saka blei utsett på grunn av at ein ikkje var vedtaksfør. To represantantar møtte ikkje og ein var ugild. Det blir synfaring på neste møte.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 024/14

Budsjettkontroll 2 kvartal 2014.

Kommunestyret vedtok: Kommunestyret tok orienteringa til etterretning

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 025/14

Rusmiddel politisk handlingsplan Bokn kommune 2014 – 2016.

Kommunestyret vedtok: Formannskapet si innstilling med fylgjande merknader vart samrøysta vedtatt:

Det er ikke tillatt for ansatte å konsumere alkohol og/være påvirket av rusmidler i arbeidstiden. For bruk av alkohol på tjenestereiser etc vises til Bokn kommune sitt arbeidsmiljøreglement.

Alle sal- og skjenkestader skal ha oppdaterte personallister som skal kunne framleggast for kontroll.

Bokn kommune har ikke forbud mot sal og skjenking i offentlige bygg da offentlige bygg også blir benyttet til arrangement som for eksempel bryllup, kulturarrangement etc. Det skal imidlertid ikke kunne selges eller serveres alkohol i kommunale bygg samtidig som det er arrange-

ment med barn tilstede. Det skal for eksempel ikke avholdes kulturarrangement med skjenkeløyve samtidig som det er idrettsarrangement i samme bygg.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 026/14

Kommunale retningslinjer for Startlån i Bokn kommune.

Kommunestyret vedtok: Reviderte retningslinjer for startlån i Bokn kommune blei vedtatt.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 027/14

Klageinnstans for klager på enkeltvedtak gjort av administrasjonen i HIM.

Kommunestyret vedtok: Bokn kommune nemner opp styret i HIM (Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS) som klagenemnd for klager over enkeltvedtak gjort av administrasjonen i HIM.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 028/14

Reglement for Kontrollutvalet - endring vedr. kap. 8 om høyring

Kommunestyret vedtok: Bokn kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Bokn kontrollutval som følgje av lovendring om kontrollutval og lukking av møte. Innleiinga til kapittel 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 029/14

Revisjonsavtalen - bruk av opsjon til 30.06.2014.

Kommunestyret vedtok: Bokn kommunestyret vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Deloitte AS om levering av revisjonsteneste til Bokn kommune i perioden 01.07.2015 – 30.06.2016

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 030/14

Reguleringsplan for bustadbygg i Alvestadkroken, gnr. 11 bnr. 171 -endeleg godkjenning.

Kommunestyret vedtok: Forvalningsstyret sitt forslag til vedtak vart samrøysta vedtatt.



Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 032/14

Kjøp av eideom i Føresvik.

Kommunestyret vedtok: Formannskapet si tilrådning vart vedtatt mot 6 stemmer, 5 frå Sp og 1 frå KrF. Formannskapet si tilrådning var som fylgjande:

1. Bokn kommunestyre vedtek å kjøpa eideom Gnr. 9 bnr. 15 i Bokn til ein pris av kr. 2.500.000,-.
2. Bokn kommunestyre vedtek å kjøpa del av eideom Gnr. 9 bnr. 3 i Bokn til ein pris av kr. 900.000,-.

Kostnaden dekkes ved bruk av disposisjonsfond.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 033/14

Reguleringsplan for turveg mellom Føresvik og Alvestadkroken - justert planframlegg etter utlegging til offentleg ettersyn.

Kommunestyret vedtok: Reguleringsplanen mellom Føresvik og Alvestadkroken vert lagt ut til høyring utan turveg. Vedtaket vart vedtatt mot ei 1 røyst frå Ap.

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 034/14

Bustadområde Fyrvegen Nord - fastsetjing av tomteprisar.

Kommunestyret vedtok: Formannskapet si innstilling blei samråystes vedtatt. Innstillinga var som fylgjande: Tomtene vert selde til ein samla sum av kr. 7.500.000,- som er vurdert til å vera marknadspris for tomtene. Dette gir fylgjande priser for enkelttomter:

Tre einebustadomter i vest (pr.tomt)
kr. 734.000,- Sum kr. 2.202.000,-

Øvrige einebustadomter (pr.tomt)
kr. 614.000,- Sum kr. 3.070.000,-

Tomt for flermannsbustader (minstepris)
kr.2.224.000,- Sum kr. 2.228.000,-

Kommunestyremøte 14.10.2014 sak 035/14

Framtidig kommunestruktur.

Kommunestyret vedtok: Formannskapet sitt forslag til vedtak vart vedtatt mot 5 røyster frå H og 1 røyst frå KrF. Formannskapet sitt forslag var: Bokn kommune utset arbeidt med kommunereforma inntil proposisjonen om «kommunenes nye oppgavebilde» blir lagt fram.



Nytt i Bokn kyrkje

Jan Magne Moi

Projektor i kyrkja

Soknerådet har kjøpt inn projektor og lerret for at dei som sit i benkene lettare skal kunne følgje med i liturgi og song. Kyrkjeverja var veldig spent på korleis dette skulle bli mottatt av dei som går fast i kyrkja. Men Sigvart Våga var kjapp til å seie:
- Endeleg fekk me dette i Bokn også.
Det er så mykje lettare å følgje med når salmane står på veggen.

Det har vore litt begynnarsvanskar, og det trengst litt tid til opplæring. Men målet er å kunne nytte projektoren på dei fleste gudstenestane.

Ny salmebok


Torsdag 30. oktober vedtok soknerå-



det at den nye salmeboka vert kjøpt inn til kyrkja. Sjølvsgart vert det då også kjøpt inn digital vare slik at salme i bok og på skjerm stemmer. Det er 899 salmar i boka og 240 er nye salmar.

For å få kjøpe digitalt, må me også kjøpe bøker. (Det er dessutan kjekt å ha om teknikken svikter.) Me må kjøpe inn 61 bøker. Dette vil utgjere

18.000
kroner
(300 pr
bok).



Vil du vere med å dekke utgifter til innkjøp av bøker? Nytt kontonr. 3373.07.02537.

Med båt til Bokn

Båtar i rute frå hjuldamparen Ryfylke til bilferja Boknafjord

Gullhønå: M/F BOKN

Riksvegsambandet

Laurdag den 10. juli 1976 streva Mossi Aarreberg fælt med å knusa ei flaske champagne. Det var den nye boknaferja, M/F Bokn, som skulle døypast og ho var gudmor. Etter tri

bilferja *Fjordsol*. Men etter få månadar viste det seg at ho var ueigna, mellom anna fordi bildekket var for svakt.

Våren 1974 blei ho avløyst av 16-åringen *M/F Hidle*. Men biltrafikken auka på. Ein kapasitet på ni personbilar blei raskt reint for lite og etter

ferja som var spesialbygd for å gå til Bokn. I oktober 1976 løyste ho av *Ryfylke* i ferjesambandet til Bokn og gjekk som forgjengaren i rute mellom Kopervik, Føresvik og Austre Bokn. Dei tidlegare ferjene hadde også hatt to turar til Stavanger i veka: Kvar fredag og kvar søndag.



Slik hugsar nok boknarane flest «Gullhøna»; Kvit og svart og med Stavangerske sine tre raude reiarringar måla på dei gule skorsteinane. Her er «Gullhøna» på veg til Tåganeshavn sommarsdag midt på 80-talet.

Foto: Stein Alendal

forgjeves forsøk lukkast ho endeleg og champagnen kunne brusa nedover skutesida.

I desember 1973 la gamle *Boknferja* eller *Folla II* som ho heitte frå gammalt, til for siste gongen i Føresvik. Bakgrunnen var at Bokn frå hausten 1973 fekk riksvegsamband. Når det ikkje var veg mellom fastlandet og Bokn, var det eit statleg ansvar at det gjekk ferje mellom Kopervik og Bokn – og då båtar som også tok bil.

Den fyrste tida tok bygda over meir eller mindre pensjonerte fartøy frå Det Stavangerske Dampskipsselskap. Fyrst ute var den kring 30 år gamle

kvart blei stadig fleire bilar ståande att på kaiane. Det var difor stor stas då bygda kring nyttår 1976 fekk den splitter nye og mykje meir tidshøvlelege *M/F Ryfylke*, også den høyrdde til DSD. Nå blei det slutt på alt som heitte kapasitetsvanskar, *Ryfylke* slukte alt – heilt opp til 25 personbileiningar og 250 passasjerar kunne ho svevla.

Gullhønå kjem til

Men dei styrande tykte at denne ferja blei reint for stor for boknarane. Og så blei kjølen trekt hjå Gravdal skipsbyggeri på Sunde i Sunnhordland for *M/F Bokn*, den fyrste

Det blei det nå slutt på.

På mange måtar representerte *Bokn* eit tilbakesteg i forhold til forgjengaren. For det fyrste makta dei bare å stua 16 bilar inn på henne, ho tok helvta så mange passasjerar og gjorde litt mindre fart. For folk som skulle med bil frå og til Stavanger laut ein fyrst med ferje til Kopervik, så køyra til Skudeneshavn for endeleg å ta ferje til Mekjarvik, om ein kom med.

Ferja, som snart fekk oppnamnet *Gullhønå* – ho likna på ei høne på reiret og dessutan minna septiktankane frå Bokn Plast om egg – var likevel livsnerva mellom Bokn og

fastlandet og drog med seg mjølkebilar, lastebilar, sementbilar, privatbilar og varebilar frå og til. Men også *Gullhønå* blei raskt for lita – ikkje minst sidan ho også laut frakta septiktankar for Bokn Plast. Elles hadde ho eit mannskap på fire: skipper, maskinist og to matrosar.

Medan det tidlegare hadde vore skifte av ferje mest kvart år, blei *Bokn* fast i sambandet i 15 år og blei også litt av ein institusjon for bygda. Såleis fekk ferja jamvel sin eigen song laga av Jan Spurkeland. Referenget er slik:

*Når lemmen e lokte og folk onna dekk
Kjem matrosen med tongjå og stor pengesekk
Ingen må lura seg og ingen prøve hell
På Gullhønå e det båd styring og stell!*

Velkommen til fastlandet

Slik gjekk ho til bruene kom. Den 22. desember 1989 blei fastlandssambandet til Austre Bokn opna. Med



og møtte vestreboknarane som kom i land med plakatar om velkommen til fastlandet.

Sidan gjekk ferja i denne ruta fram til 22. februar 1991 då også Vestre Bokn fekk sitt fastlandssamband. Med det laut ho setja kurset for Nedstrand der ho gjekk i trikantsam-

Fyrst blei ho i 1993 sold til karmøyfirmaet *Alutech* der ho i fire år fungerte som dykkarskip under namnet *Alu-Trans*. Dinest – i 1997 - hamna ho hjå haugesundfirmaet *Chainco* og blei døypt om til *Chain Inspector* og med heimehamn i Smedasundet i Haugesund. Også dei heldt henne i



det gjekk *Bokn* over til bare å trafikkerha ruta over Boknasundet mellom Føresvik og Tåganes. På den fyrste turen sto austreboknarane på kaien

bandet Nedstrand-Hebnes-Foldøy og Jelsa i tri år, framleis for DSD. Med det var det slutt på tilverret som bilferje.

fire år til dei i 2001 selde ferja vidare til Eide Maritime Services i Høylandsbygd i Sunnhordland. Her blei ho døypt om til *Eide Inspector* og mel-

lom anna vinteren 2004 nyttå som losjibåt i samband med hevinga av *Rocknes* utanfor Bergen.

Men nå gjekk det mot slutten for den framleis snautt 30 år gamle slita- ren. Sommaren 2005 blei ho nemleg seld på auksjon til eit gresk reiarlag, omdøypt til *Psathi*, ein stad på Kyp- ros. Samstundes blei ho registrert i Wonsan, Nord-Korea.

Den siste eigaren var *Porthimiaki Kimolou Shipping Co.*

Så langt kom visst Gullhønå aldri. Etter at ho i juli 2005 blei utrusta i Leirvik på Stord, drog ho sørover til Kiel, gjennom Kiel-kanalen og ut i Nordsjøen ved Cuxhaven. Sidan for ho sørover via Brest i Frankrike og over Biscaya-bukta.

Etter kvart kom ho fram til Pireus i Hellas, men alt i 2006 blei ho hogd opp i Aliaga nær Izmir i Tyrkia. Med det gjekk Gullhønå inn i soga.



Siste kjente biletet av MF Bokn tatt i hamna ved Brest i Frankrike 4. august 2005. Her er ho på veg til Athen etter ein teknisk sjekk og bunkring i samband med den lange turen til Egeerhavet. Ferja seilte under Nord-Koreansk flagg og trekte raskt til seg sjøfartsmyndenes merksemd då ho la til kai. I 2006 blei ferja seld til opphogging i Aliaga i Tyrkia.

Foto: Yannick Le Bris.

Vil du sjå fleire bilete kan du gå inn på følgjande nettstader:

<http://www.marine-marchande.net/groupe%20mar-mar/Documents/Cozane/Psathi/Psathi.htm>

http://www.fjordfaehren.de/no_f/bokn1976.htm

Bokn Bygdablad for 20 år sidan FRÅ NR. 8 1994

REISELIVSLAG I BOKN?

Vi har de senere år hatt en økning i turiststrømmen i kommunen. Dessverre har vi hatt lite å tilby våre tilreisende og vi får derfor lite igjen i form av inntekter og arbeidsplasser.

